



Arkivsaknr: 2024/10694-11
Sakshandsamar: Runar Bleie Bertheussen
Avdeling: Økonomi

SAKSFRAMLEGG

Budsjettendring investeringsbudsjettet i tråd med vedtak 115/24 i kommunestyret

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Formannskapet	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet vedtek budsjettendring i tråd med kommunestyret sitt vedtak, 115/24, slik at vidareutlån og bruk av vidareutlån i investeringsbudsjettet blir auka med 50 mill. kr for 2025.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i formannskapet

Bakgrunn:

Alver kommune har fått tilsegn på forsøksordning med startlån for førstegongsetablerarar. For å få utbetalt tilskotet må budsjettet for 2025 justerast i tråd med tilsegn. Tilskotet er ikkje teke med i vedteke årsbudsjettet for 2025.

Før lånetilsegn på 50 mill. kr. til startlån til førstegongsetablerarar kan innvilgast frå Husbanken må vidareutlån og bruk av vidareutlån i investeringsbudsjettet aukast med 50 mill. kr. Alver kommune får ikkje vidareformidla startlån til førstegongsetablerarar før lånetilsegn innvilgast frå Husbanken.

Vedtak 115/24 i Kommunestyret - 31.10.2024:

1. Alver kommune vert med på forsøksordninga med startlån for førstegongsetablerarar, og søker med det om å bli tildelt midlar for 2024 og 2025 med inntil 50 mill. kr per år. For 2025 vert tiltaket å innarbeide i framlegget til økonomiplan for 2025-2028.
2. Kommunestyret vedtar å ta opp nytt lån i Husbanken på 50 mill. kr (eller den summen kommunen får innvilga) som Startlån til førstegongsetablerarar for vidare utlån.

3. Kommunedirektøren gjennomfører låneopptak ihht. fullmakt i Finansreglementet pkt. 8.1.
4. Framlegg til budsjettendring for 2024:
 - a. Nytt prosjekt 40012 Startlån til førstegongsetablerarar vert etablert som del av Investeringsbudsjettet, og får ei ramme på 50 mill. kr (eller den summen kommunen får innvilga i lån frå Husbanken) til vidareutlån.
 - b. Bruk av lånemidlar vert auke med tilsvarande beløp som i punkt a. over.